

# Årsmelding for Folkemusikkklubben Columbi Egg 2014

## Styret

Styret for folkemusikkklubben Columbi Egg i 2014 har vore: Annlaug Børsheim (styreleiar og plakatopphengar), Arve Berg (økonomi), Millan Persdotter Persson (søknadskrivning/sosiale media), Una O’Keeffe (billetter), Sigrid Ølmheim (billetter), Kristoffer Kleiveland og Tormod Kleiveland (dei to sistnemde med ansvar for opp og nedrigg av sal til konsert). Gabriel Fliflet er musikalsk vert og organisator, men ikkje medlem av styret.

## Lokale

Columbi Egg held til i Skrivergaarden på Hotel Augustin. Klubben får leige lokalet gratis mot at ein ryddar stolar og bord før og etter konsert. Hotellet sponsar klubben med rom og mat for musikarane som har konsert. Lokalet og samarbeidet med hotellet er godt og er med på å tryggja klubben økonomisk.

## Konsertar våren 2014

- 06.01. Midtvinterfest – konsert dans og jam med Vergard Vårdal og Patrik Andersson
- 20.01. Firil
- 03.02. Camilla Granlien Trio/ Susanne Lundeng solo
- 08.02. Folkemusikkfest i Gimle: Väsen og Texasos
- 17.02. Johanna Adele Jüssi Band
- 03.03. Hovedøen Social Club
- 10.03. Emilia Amper – Ragnhild Furebotten – Frode Haltli
- 17.03. Trio Kletzmer med Channe Nussbaum
- 31.03. Nordik Tree
- 28.04. Spindel Duo
- 05.05. The Kuraybers
- 26.05: Hardkokt Columbi Egg - 15.års jubileumskonsert på Logen Teater under Festsjellene
- 4. og 5. juli: Columbi Egg på Førdefestivalen

## Konsertar hausten 2014

- 01.09. Erlend Viken Trio/ Erlend Viken og Rolf Erik Nystrøm
- 15.09. Five Men In a Boat
- 29.09. Lajla Renate Buer Storli
- 13.10. Majorstuen – Kvitre/Synnøve Bjørset solo
- 24.10. Sudan Dudan (samarbeid med Bimf)
- 27.10. Loyko
- 10.11. Maar
- 24.11. Calibut Band
- 08.12. Leif Rygg/ Los Tres Músicos

Dette utgjør eit samla tal på 88 artistar og et antall ikkje programmerte spontangjester.

## Talet på medlemmer

Columbi Egg opererer med medlemsskap pr. semester. Medlemsskapet kostar kr. 150,- og eit medlemskort varer eit semester. I 2014 vart det selt 132 ordinære medlemskap, og 36 studentmedlemskap. Etter endring på Årsmøtet 2013 får studentar alltid kjøpe billetter til medlemspris, og får gratis medlemskap i klubben.

### **Frammøte på konsertane**

Konsertar arrangert i eigen regi:

Antal konsertar: 18

Total selde billetter: 1175

Av desse var det 609 medlemsbilletter og 566 ordinære billetter.

Fribilletter: 131 (Medlemmer av styret har fri inngang + ein gjest. Kvar artist har får tilbod om ein gjest)

Snitt besøkande per konsert: 72

Konsertar i samarbeid med andre festivalar og organisasjonar:

Bergen Internasjonale Musikkfestival

Selde billetter: 33

Folkemusikkfesten i samarbeid med Bul Ervingen

Totalt selde billetter: 112

Av desse var det 72 medlemsbilletter og 40 ordinære billetter

Fribilletter: 25

Columbi Egg sin 15års-jubileumskonsert arrangert av Festspillene

Selde billetter:

300 billetter totalt

Av disse var

257 betalende

43 fribilletter

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Selde billetter på Columbi Egg kveldane: **TALL ETTERSENDES**

### **Samarbeid med andre lag og organisasjonar.**

Folkemusikkfesten i Gimle, 08.02. med Väsen og Texanos var eit samarbeid mellom Columbi Egg og Bergen Ungdomslag Ervingen. Hausten 2014 samarbeida Columbi Egg med Bergen Internasjonale Musikkfestival (BIMF) om konserten med Sudan Dudan i Fensal.

Festspillene i Bergen arrangerte Columbi Egg sin 15.års jubileumskonsert på Logen Teater 26.05., denne var det Festspillene som hadde det økonomiske ansvaret for, men Columbi Egg styret som organiserte og stod artistar.

I samband med Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 2014 vart det arrangert 2 Columbi Egg konsertar med eit stort tal utøvarar frå ulike verdsdelar. Konsertane går inn som ein del av festivalen sin rapport og rekneskap.

### **Grøne Bonuspengar**

Columbi Egg byrja i 2007 å tilby bonuspengar til utøvarar som kjem reisande over fjellet om dei vel å ta tog eller buss i staden for fly. Ordninga var meint som eit innspel til klimaarbeidet. Dette viser seg å vere ei svært populær ordning som veldig mange av muskarane vel å nytte seg av.

### **Marknadsføring**

Folkemusikkklubben Columbi Egg har nesten ikkje utgifter til marknadsføring. Klubben har ei e-postliste med over 1300 namn, alle får tilsendt halvårsprogram og melding i førekant av konsertane. I tillegg blir konsertar lista opp under spalta "Det skjer" i Bergens Tidende og marknadsført på sosiale media som facebook og underskog. Utanom dette blir konsertane kunngjorde med plakatar og trykte program. Etter å ha hatt ei heimeside under folkemusikk.no fekk Columbi Egg frå 2014 seg ei eiga heimeside; [www.columbiegg.org](http://www.columbiegg.org)

Bergen, 02.03.2015

Gabriel Fliflet

Arve Berg

Annlaug Børsheim

Una O'Keeffe

Millan Persdotter Persson

Tormod Kleiveland

Kristoffer Kleiveland

Sigrid Ølmheim